

Program for berekraftig økonomi 2025-2028

Midtvegsrapport



Innhold

1 Bakgrunn og formål.....	3
2 Om Program for berekraftig økonomi.....	4
2.1 Oppsummering av arbeidet i hovudprosjekta	5
2.1.2 Hovudprosjekt oppvekst og opplæring	5
2.1.3 Hovudprosjekt kultur og samfunn	7
2.1.4 Hovudprosjekt helse og omsorg.....	11
2.1.5 Hovudprosjekt Sentraladministrasjonen	13
2.1.6 Tiltaksplan som Robek-kommune.....	17




1 Bakgrunn og formål

Stad kommunestyre vedtok i møte 13. desember 2024, KS-sak 24/170, budsjett 2025 og Handlingsprogram 2025–2028. Stad kommune sin økonomiplan vart vedteken i ubalanse. For å handtere kommunen sine økonomiske utfordringar vedtok Stad kommunestyre i møte 13. desember 2024 å starte opp Program for berekraftig økonomi 2025–2028. Mandat for programmet vart fastsett av kommunestyret i møte 23. januar 2025, sak KS-25/009.

Stad kommune vart i februar 2025 meldt inn i Robek-registeret etter kommunelova § 28-1 bokstav b. Stad kommune har etter kommunelova § 28-4 ei plikt til å vedta ein tiltaksplan som sikrar at økonomien blir brakt i balanse. Frist for fastsetting av tiltaksplanen er etter kommunelova § 28-4 tredje ledd 30. juni 2025.

Stad kommunestyre handsama 7. mai 2025, sak KS-25/071, sak om tiltaksplan og balanse i økonomiplan. Det vart i den saka lagt til grunn at arbeidet med tiltaksplanen skulle koplust mot arbeidet med Program for berekraftig økonomi og oppstart av budsjett 2026 – handlingsprogram 2026–2029, med mål om handsaming og vedtak av Stad kommunestyre 19. juni 2025, jf. milepælsplanen under her.



Stad kommune har sendt tiltaksplanen til Statsforvaltaren i Vestland. Hittil utført omstillings- og innsparingsarbeid i Stad er ikkje tilstrekkeleg omfattande og radikalt til å gi ein økonomiplan i balanse. Det betyr at det må lagast ein ny plan for vidare omstillings- og innsparingsarbeid i samband med det vidare arbeidet med Budsjett 2026 og handlingsprogram 2026–2029.

Stad kommunestyre fekk i møte 19. juni 2025, sak KS-25/108, lagt fram ei sak som summerte opp arbeidet med programmet og tiltaksplan fram til dette møtet.

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i saka:

Stad kommunestyre tek saka til vitande med følgjande tilleggspunkt:


Kommunestyret viser til at budsjettet for 2025 er i balanse ved bruk av 85,1 millionar kroner frå disposisjonsfondet. Sjølv om det er sett i verk ein omfattande prosess og vert gjort ein god jobb for å identifisere moglege innsparingar framover, er det i mindre grad identifisert strakstiltak som gjevinnsparing i 2025, og utan dette vil bruken av fond vere utan varig effekt. Kommunestyret ber difor om at det vert fremja ei eiga sak seinast i september 2025 med forslag til strakstiltak som gjev, om mogleg 10 millionar kroner i innsparing med verknad i 2025.

Formålet med dette dokumentet er å summere opp arbeidet med Program for berekraftig økonomi for perioden januar–juni 2025 inkl. vedtak gjort i kommunestyremøtet 19. juni 2025. Vedtekne innsparings- og omstillingstiltak i denne perioden blir lagt til grunn i arbeidet med budsjett 2026 og Handlingsprogram 2026–2029. I tillegg må det som nemnt på plass ytterlegare omstillings- og innsparingstiltak, for å oppfylle kommunelova sitt krav om at ein økonomiplan skal vere i balanse.

Kommunestyret sitt vedtak om innsparingskrav for 2025 på kr 10 mill. vert lagt fram som eiga sak.

2 Om Program for berekraftig økonomi

Stad kommunestyre vedtok i møte 13. desember 2024, sak KS-24/170, budsjett 2025 og handlingsprogram 2025 – 2028. Kommunestyret har vedtatt at programmet skal omfatte ein heilskapleg gjennomgang av strukturane i heile Stad kommune. Modellen under viser korleis programmet er strukturert.



Programmet vert organisert i fire hovudprosjekt med utgangspunkt i kommunalområda i kommunen – Oppvekst og opplæring, Helse og omsorg, Kultur og samfunn og Sentraladministrasjonen. Sjølv om hovudprosjekta vert organiserte med kommunalområda som utgangspunkt, må ein i fleire av delprosjekta under desse arbeide på tvers av einingar og kommunalområde.

Alle hovudprosjekta har eit overordna fokus om at organisasjonen skal klare å tilpasse drifta til dei rammene som kommunen har tilgjengeleg.

2.1 Oppsummering av arbeidet i hovudprosjekta

2.1.2 Hovudprosjekt oppvekst og opplæring

Det er etablert fleire delprosjekt under kommunalområdet oppvekst og opplæring. Under vert det gjeve ei oversikt over desse, og kva vedtak som er gjort per no med sikte på omstilling og innsparing.

Delprosjekt 1 Utreie ny barnehage- og skulestruktur

Mandat: Utreie ny barnehage- og skulestruktur

- Utarbeide ei skulefagleg vurdering ved dei einskilde skulane og samla for Stad kommune. Her under: Fagleg utbytte, trivsel og læringsmiljø, kostnad per eining og per elev, samla kostnad for kommunen, fagleg kompetanse og kompetansekrav. Inkl. KOSTRA.
- Utarbeide ei barnehagefagleg vurdering ved dei einskilde barnehagane og samla for Stad kommune. Her under: Fagleg kompetanse ved einingane, kostnad pr eining, samla kostnad for Stad kommune i høve KOSTRA.
- Vurdere kva barnehage- og skulestruktur som er best tenleg for Stad kommune både på kort sikt og i eit lengre perspektiv.

Status: Sak om vidare arbeid for ny heilskapleg barnehage- og skulestruktur vart lagt fram for Stad kommunestyre i møte 19. juni 2025, sak KS-25/112.

Vedtak sak KS-25/112:

«Stad kommunestyre ber om at kommunedirektøren arbeider vidare med å vurdere følgjande strukturelle endringar innan barnehage og grunnskule, og utarbeider ei innstilling til kommunestyret i løpet av hausten 2025

1. *Nordfjordeid skulekrins*
 - a. *Eid ungdomsskule og Nordfjordeid skule blir vurdert ifht samarbeid og samordning/ samanslåing til ei eining.*
2. *Stårheim skulekrins*
 - a. *Stårheim skule og Stårheim barnehage blir vurdert slått saman til ei eining ved Stårheim skule.*
 - b. *Stårheim og Haugen krins blir vurdert slått saman til ein krins. Begge skulestadane vurderast som skulestad.*
3. *Haugen skulekrins*
 - a. *Haugen og Stårheim krins blir vurdert slått saman til ein krins. Begge skulestadane vurderast som skulestad.*
4. *Flatraket skulekrins*
 - a. *Flatraket skule og Flatraket barnehage blir vurdert slått saman til ei eining ved Flatraket skule».*

Delprosjekt 2-7 oppvekst og opplæring

I kommunestyremøte 19. juni 2025 vart det lagt fram ei sak om «Status hovudprosjekt nr. 2-7 Oppvekst og opplæring». Følgjande vedtak vart gjort i sak 25/113:

«Delprosjekt 4 og 5: IKT, lisensar, læreverk og læremiddel

Prosjektgruppa arbeider vidare med saksutgreiing og framlegg til innsparing for delprosjekt 4 og 5. Forventa ferdig i løpet av hausten 2025.

Delprosjekt 6: Barnevernet

Prosjektgruppa arbeider vidare med saksutgreiing og framlegg til innsparing for delprosjekt 6. Forventa ferdig i løpet av hausten 2025.

Delprosjekt 7: Opplæring og integrering

Prosjektgruppa arbeider vidare med saksutgreiing og framlegg til innsparing for delprosjekt 7. Forventa ferdig i løpet av hausten 2025».

Nr	Namn på tiltak	Kort omtale	Status/vedtak
2.	Haugen barnehage	Vurdere avvikling av Haugen barnehage.	KS - 25/043 Vedtak: Haugen barnehage vert avvikla frå 15.08.2025. Borna i Haugen barnehage vil få plass i nærliggande barnehagar i Stad kommune
3.	Gymsal Haugen	Vurdere bygningstilstand og moglegheitene for å oppretthalde bygg og bruk som gymsal.	Vert vurdert i samband med barnehage- og skulestruktursaka
4.	IKT og lisensar	Få oversikt og samordne lisensar innan dei ulike programvarene inkl. lisensar som er knytt til lærebøker og ulike læremiddel. Samordne innkjøpsavtalar i ein større region.	KS - 25/113 Vedtak: Prosjektgruppa arbeider vidare med saksutgreiing og framlegg til innsparing for delprosjekt 4 og 5. Forventa ferdig i løpet av hausten 2025
5.	Lærebøker og læremiddel	Får oversikt og samordne innkjøp av lærebøker og læremiddel i regionen, og framforhandle felles innkjøpsavtalar.	KS - 25/113 Vedtak: Prosjektgruppa arbeider vidare med saksutgreiing og framlegg til innsparing for delprosjekt 4 og 5. Forventa ferdig i løpet av hausten 2025
6.	Barnevernet	Vurdere tal til tiltak, bemanning og kostnader i høve Kostra.	Prosjektgruppa arbeider vidare med saksutgreiing og framlegg til innsparing for delprosjekt 6. Forventa ferdig i løpet av hausten 2025.

7.	Opplæring og integrering	Vurdere organisering av eininga, busetnad og innkjøp av naudsynt utstyr til nye flyktningar.	Prosjektgruppa arbeider vidare med saksutgreiing og framlegg til innsparing for delprosjekt 7. Forventa ferdig i løpet av hausten 2025.
----	--------------------------	--	---

Stad kommunestyre vedtok i møte 19. januar 2025, sak KS-25/009, mandat for Program for berekraftig økonomi 2025 – 2028. Samstundes bad kommunestyret om at programmet «vert utvikla kontinuerleg med sikte å avdekke nye innsparings- og utviklingstiltak som gjev ønska måloppnåing».

Stad kommunestyre fekk i møte 19. januar 2025, sak KS-25/011, framlagt sak om framlegg til endring av Forskrift om skulefritidsordning i Stad kommune. Saka var knytt til føringar lagt i sak KS-25/009, og endringar i forskrifta vart vedteke av Stad kommunestyre 19. juni 2025, sak KS-25/080.

2.1.3 Hovudprosjekt kultur og samfunn

Det er starta opp 12 delprosjekt under hovudprosjekt kultur og samfunn. I tillegg er det arbeidd med å identifisere ytterlegare omstillings- og innsparingstiltak i kommunalområdet.

I kommunestyremøte 19. juni 2025 vart det lagt fram ei sak om «Status hovudprosjekt Kultur og samfunn og framlegg til nye tiltak. Følgjande vedtak vart gjort i sak KS-25/111:

1. *Kommunestyret tar statusrapporten for delprosjekt innan Kultur og samfunn til vitande*
2. *Delprosjekt 4: Kommunestyret tar rapporten om sambruk og meirbruk av kommunehuset til vitande. Eventuell ny lokasjon for nytt lærings- og aktivitetssenter i Selje blir handsama i sak frå kommunalområdet helse- og omsorg.*
3. *Delprosjekt 7: Stad kommune innfører gjeldande frå 2026 gebyr på handsaming av arbeidsvarslingplanar og kontrolloppgåver knytt til anlegg/gravearbeid heimla i Veglova. Heimel til å krevje gebyr for kontrolloppgåver i anleggsperioden er heimla i leidningsforskrifta §18 første ledd. Innføring av gebyr for arbeidsvarslingsplanar er heimla i skiltningsforskrifta §32. Endeleg fastsetting av gebyr vert gjort i budsjettsak desember 2025 om gebyr og betalingssatsar for 2026.*
4. *Delprosjekt 10: Det er ikkje heimelsgrunnlag for å innføre andelsbetalt brøyting i kommunale bustadfelt.*
5. *Delprosjekt 11: Overføring av leikeplassar til velforeiningar vil ikkje bli starta opp då det vil vere ressurskrevjande og i tillegg påføre kommunen kostnader. Kommunen vil likevel stille seg positiv til førespurnadar frå velforeiningar om å overta leikeplassar.*
6. *Framlegg til nye innsparingar: Nedtak av tenester og kostnader i Kultur og samfunn utover delprosjekt 1-12, vert vedteke i samsvar med framlegg. Kommunedirektøren går i dialog med tenestene og tilsette for å redusere konsekvensar av tiltaka.*

Nr.	Namn på tiltak	Kort omtale	Status/vedtak
1.	Sal av bygg og tomter som ikkje er i bruk	Kartlegge bygg som kan seljast. Dette omfattar også bygg som ikkje er i bruk etter omstrukturering. Kartlegge kommunale eigedomar som ikkje har strategisk betydning for kommunen og som kan seljast. Jf. punkt 11 i sak KS-24/170 Budsjett 2025 – handlingsprogram 2025 – 2028.	Vedtak i sak KS-25/040 der Stad kommunestyre ber kommune- direktøren følgje opp arbeidet med å avhende bygg og eigedom slik det kjem fram av saka. Salsprosessen er starta.
2.	Vurdere driftsform på bustadar vanskelegstilte på bustadmarknaden	Vurdere driftsform, her under type bustadar, eigarskap, avtaleverk og andre rammer som påverkar driftsforma. Jf. punkt 11 i sak KS-24/170 Budsjett 2025 – handlingsprogram 2025 – 2028.	Saka er i prosess.
3.	Frå leige til eige – arbeid med sal av bustadar til vanskelegstilte på bustadmarknaden	Det skal arbeidast systematisk og målretta med leige til eige ovanfor personar som er busett i utleigebustadar og som er i posisjon til å eige eigen bustad. Jf. punkt 11 i sak KS-24/170 Budsjett 2025 – handlingsprogram 2025 – 2028.	Vedtak sak KS25/120: 1.Kommunedirektøren får i oppdrag å revidere vedtekne retningslinjer om «Sal av fast eigedom i Stad kommune» KS-22/013 slik at retningslinjene bli endra til å omfatte sal av bustadarsom del av «leige-til-eige»bustadpolitikk. Retningslinjene skal vere på plass innan utgangen av 2025 2.Kommunedirektøren får som ei prøveordning og inntil nye retningslinjer er vedtekne, mynde til å vedta sal av kommunal bustad der leigetakar over tid har hatt eit leigeforhold. Salet kan gjennomførast direkte til leigar utan å følgje vedtekne retningsliner om «Sal av fast eigedom i Stad kommune». Verditaksten på bustaden skal leggjast til grunn for sal av kommunal bustad. All sakshandsaming skal følgje offentleg regelverk for sal av offentleg eigedom

4.	Utgreie potensialet for sambruk og meirbruk av kommunehuset i Selje	Sjå på potensialet i sambruk av areal og effektiv tenesteyting i Innbyggjartorget dersom det vert etablert eit Lærings- og arbeidssenter i bygget. Utleige/Kontorpakke – tilbod til Kystverket.	Vedtak i sak KS-25/111 rapport frå delprosjektet vert teken til vitande.
5.	Revisjon/oppgradering av temaplan VAO med nye kalkyler	Gå gjennom prioriteringar og skyve prosjekt som kan vente ut i tid. Oppdatere kalkylar for sjølvkost. Nye prognosar for gebyrutvikling.	Oppstart vert vurdert i samband med revidering av planstrategi.
6.	Utgreie privatisering av offentlege vegar	Følgje opp Lokal transportplan og kartlegge kva vegar som kan privatiserast. Kostnadsrekne innsparing.	Vedtak sak KS – 25/073: Saka vert sendt tilbake til administrasjonen med krav om at den vert utgreia vidare og med mål om harmonisering, likebehandling og oppdaterte kriterier der alle kommunale vegar vert medtekne i samband med revisjon og endring av kriteria for privatiseringa av kommunale vegar i lokaltransportplan. Nye kriterier må og ta omsyn til kommunal/interkommunal tenesteproduksjon,beredskap og potensiale for økonomisk innsparing ved endra klassifisering
7.	Innføring av nye gebyr på Komtek: Graveløyve, sakshandsaming veg m.m.	Det må utarbeidast nye forskrifter som kan gje moglegheit for å ta nye gebyr, eller auke gebyr.	Vedtak sak KS-25/111: Stad kommune innfører gjeldande frå 2026 gebyr på handsaming av arbeidsvarslingsplanar og kontrolloppgåver knytt til anlegg/gravearbeid heimla i Veglova. Heimel til å krevje gebyr for kontrolloppgåver i anleggsperioden er heimla i leidningsforskrifta§18 første ledd. Innføring av gebyr for arbeidsvarslingsplanar er heimla i skiltforskrifta §32. Endeleg fastsetting av gebyr vert gjort i budsjettsak desember 2025 om gebyr og betalingssatsar for 2026.
8.	Avklare forhold knytt til avtale	Avklare juridiske forhold rundt avtale med Seawalk. Avklare kva som er mogleg å få i	Vedtak sak KS-25/111: Det er ikkje heimelsgrunnlag for å innføre

	cruise – Inntekter til fond infrastruktur.	fondsbidrag til Stad kommune jamfør inngått avtale. Få etablert slik avtale slik at Stad kommune mottok bidrag som kan nyttast til infrastruktur m.m	andelsbetalt brøyting i kommunale bustadfelt.
9.	Redusere kommunen sine leige utgifter.	Gå gjennom forpliktande leigeavtalar og sjå på moglegheita for reduksjon/oppseiing.	Vedtak sak KS-25/041: Stad kommunestyre ber Kommunedirektøren følgje opp arbeidet med å redusere leige-kostnader/avslutte leigeavtalar slik det kjem fram av saksutgreiinga med tilråding om mogleg innsparing. Vår sin butikk vert teken ut av Program for berekraftig økonomi 2025-2028 – Redusere kommunen sine leigeutgifter.
10.	Innføre andelsbetalt brøyting av bustadfelt	Utgjeie konseptet andelsbetalt brøyting av kommunale bustadfelt og om det er mogleg å innføre dette i Stad kommune.	Vedtak sak KS-25/041: Det er ikkje heimelsgrunnlag for å innføre andelsbetalt brøyting i kommunale bustadfelt.
11.	Innføre sameige leikeplassar, overføring av vedlikehald av leikeplassar til sameige.	Utgjeie kva kostnader ein kan spare ved å overføre vedlikehald av leikeplassar til sameige.	Vedtak sak KS-25/041: Overføring av leikeplassar til velforeiningar vil ikkje bli starta opp då det vil vere ressurskrevjande og i tillegg påføre kommunen kostnader. Kommunen vil likevel stille seg positiv til førespurnadar frå velforeiningar om å overta leikeplassar
12.	Prioritere arealplanarbeid	Leggje opp til politisk gjennomgang av politiske vedtak, planstrategi.	Sak om prioritering av arealplanarbeidet er handsama av formannskapet, sak FS-25/050. Vedtak om føringar for kva planar som skal prioriterast høgt og kva som må settast på vent.

2.1.4 Hovudprosjekt helse og omsorg

Dette hovudprosjekta har hatt ei noko anna innretning enn dei andre hovudprosjekta. Arbeidet innan kommunalområdet for helse og omsorg omhandlar kontinuerleg innsparing og endring, i tillegg til oppfølging av Stad kommunestyre sitt vedtak i møte 12. september 2024, sak KS-24/121 der følgjande prosjekt vart starta:

1. *Utarbeide ein heilskapleg og tverrfagleg handlingsplan for oppfølging av Kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035, som peikar fram mot 2040.*
2. *Utarbeide ein eigen plan for helse – og omsorgsbygg i Stad.*

Stad kommunestyre handsama utkast til handlingsplan for oppfølging av kommunedelplan for helse og omsorg i møte 19. juni 2025, sak KS, 25/114, og gjorde der følgjande vedtak:

«Kommunestyret godkjenner «Handlingsplan for helse og omsorg 2025–2026» som eit verktøy for å følgje opp strategiane i kommunedelplan for helse og omsorg (2023–2035).

Handlingsplanen skal bidra til målretta utvikling av helse- og omsorgstenestene, i tråd med overordna mål og strategiar, og vere eit styringsverktøy for tenesteutvikling fram mot 2040.

Handlingsplanen skal evaluerast og reviderast annakvart år i planperioden 2023–2035. Fyrste revidering skal gjennomførast hausten 2026 og vil gjelde for perioden 2027–2028».

Stad kommunestyre handsama vidare plan for helse- og omsorgsbygg i Stad i møte 19. juni 2025, sak KS, 25/115, og gjorde der følgjande vedtak:

1. *Stad kommunestyre tek vedlagd delprosjektrapportar for bygg i helse og omsorg til vitande.*
2. *I samband med oppfølging av delprosjekt 2.1 ber Stad kommunestyre kommunedirektøren om å gjennomføre ein marknadssdialog med relevante private aktørar for å vurdere moglegheitene for OPS-løysingar i utviklinga av omsorgsbustadar på Leikanger.*
3. *I samband med oppfølging av delprosjekt 2.2 ber Stad kommunestyre kommunedirektøren arbeide vidare med tilrådingane i delprosjektet; vidare utgreiing av arealet på Reidahaugen, samt vurdere bustadane på Leikanger i samanheng med delprosjekt 2.1.*
4. *I samband med Oppfølging av delprosjekt 2.3 ber Stad kommunestyre kommunedirektøren gjennomføre flytting av lærings- og aktivitetssenteret frå Hove til 1. etasje i kommunehuset i Selje. Innflytting skal vere gjennomført i løpet av hausten 2025.*
5. *I samband med oppfølging av delprosjekt 2.4 ber Stad kommunestyre kommunedirektøren om å følgje opp tilrådingane i prosjektet:*

6. *Det skal etablerast ei prosjektgruppe for å utarbeide ein plan for drift og vidare utvikling av tenestene i eksisterande bygg, i tråd med punkt 9.2 i rapporten.*
7. *Planen skal vere ferdigstilt og lagd fram for politisk handsaming innan utgangen av 2026.*
8. *Plan for utbygging og drift av HDO-bustadar og institusjonsplassar som nemnd i punkt 8 i rapporten, blir å komme tilbake til i eiga sak om framtidig investeringsbehov for utbygging.*

Nr.	Namn på tiltak	Kort omtale	Status/vedtak
1.0	Prosjekt 1. Handlingsplan mot 2040	Utarbeide ein heilskapleg og tverrfagleg handlingsplan for oppfølging av Kommunedelplan for helse og omsorg 2023–2035, som peikar fram mot 2040.	Godkjent av Stad kommunestyre i møte 19. juni 2025, sak KS, 25/114.
2.1	Del av prosjekt 2. Omsorgsbustadar for eldre på Leikanger	Utgreie framtidig bruk av eksisterande bygg og behov for nybygg (ikkje HDO). Eventuelt privat/offentleg samarbeid	Plan for vidare arbeid godkjent i Stad kommunestyre i møte 19. juni 2025, sak KS, 25/115.
2.2	Del av prosjekt 2. Omsorgsbustadar for Bu og miljøtenesta Selje/Stadlandet	Utgreie bruk av eksisterande bustadar, framtidig behov og plassering	Plan for vidare arbeid godkjent i Stad kommunestyre i møte 19. juni 2025, sak KS, 25/115.
2.3	Del av prosjekt 2. Lærings- og aktivitetssenter i Bu og miljøtenesta Selje/Stadlandet	Utgreie behov, samlokalisering. Vurdere plassering i kommunehuset i Selje	Stad kommunestyre gjorde i møte 13. mars 2025 følgjande vedtak i sak KS-25/041 knytt til Stadlandet: Vår sin butikk vert teken ut av Program for berekraftig økonomi 2025-2028 – Redusere kommunen sine leigeutgifter. Vedtak om nytt lærings- og aktivitetssenter i Selje vart gjort i møte 19. juni 2025, sak KS-25/115.
2.4	Del av prosjekt 2. Institusjonsplassar og omsorgsbustadar med heildøgns omsorg (HDO) Nordfjordeid og Selje	Ut frå scenario 4 vurdere lokalisering og trinnvis utbygging	Vedtak om vidare arbeid gjort av Stad kommunestyre i møte 19. juni 2025, sak KS-25/115.
2.5	Del av prosjekt 2. Omsorgsbustadar på Nordfjordeid for ulike brukargrupper	Vurdere privat/offentleg samarbeid	Prosjektet skal etter godkjent plan i Program for berekraftig økonomi 2025-2028 starte hausten 2025.

2.6	Del av prosjekt 2. Legetenesta på Nordfjordeid	Utgreie behov og lokalisering. Utgreie samlokalisering med helsestasjon, fysio/ergo, psykisk helseteam /psykisk helse og rus på Nordfjordeid Utgreie gevinstar ved samdrift av Nordfjord legevakt	Prosjektet skal etter godkjent plan i Program for berekraftig økonomi 2025-2028 starte hausten 2025.
2.7	Del av prosjekt 2. Strategi til politisk handsaming fyrste del		

2.1.5 Hovudprosjekt Sentraladministrasjonen

Hovudprosjekt Sentraladministrasjonen har 11 delprosjekt, og det vart lagt fram ei eiga sak om status for arbeidet med desse delprosjekta i Stad kommunestyremøte 19. juni 2025, sak KS-25/109. Stad kommunestyre gjorde følgjande vedtak i saka:

«Stad kommunestyre tek saka til vitande med følgjande tilleggspunkt:

Ein skal også utgreie endring av politisk organisering som til dømes tal kommunestyrerepresentantar, utvalsstruktur og auka bruk av digitale møter, samt av politisk reglement til dømes med tanke på rammer for tapt arbeidsforteneste».

Status for delprosjekta går fram av tabellen under. For delprosjekt 1 og 2 vart det lagt fram ei eiga politisk sak for Stad kommunestyre i møte 19. juni 2025, sak KS-25/110, som tok saka til vitande.

Nr.	Namn på tiltak	Kort omtale	Status/vedtak
1	Gjennomgang kontingentar, medlemskap	Gjennomgang av kontingentar, medlemsskap og tilskot. Vurdere oppseiing/ vidareføring.	Prosjektet er starta. Prosjekt 1 og 2 er slått saman. Det vart lagt fram ei eiga politisk sak, sak KS-25/110, for kommunestyret 19. juni 2025, som gjev utfyllande kunnskap og tilskotsordningane. Tilråding til endring av Vedlegg 1 til Budsjett 2026 og Handlingsprogram 2026–2029 vert lagt fram i politisk møterunde i september.
2	Gjennomgang av tilskot inkl. driftstilskot	Gjennomgang av driftstilskot til lag, organisasjonar, selskap, vegar m.m. Vurdere avvikling, reduksjon eller vidareføring	Sjå omtale ovanfor under punkt 1.

3	Organisering og oppgåveløysing «sentral-administrasjon»	Evaluerer organisering og dimensjonering av «sentraladministrasjonen», her under stab/støtte.	Prosjektet er starta. Kommunestyret vil bli orientert nærare hausten 2025. Kostnadane for sentraladm. vert i år haldne så låge som mogleg gjennom vakansar. Gevinst: Ny lågare budsjettramme for Sentraladministrasjonen vert gjeve i Budsjett 2026 – Handlingsprogram 2026–2029.
4	Redusere tal valkretsar i kommunen	Stad kommune har 10 valkretsar. Leggje fram politisk sak med framlegg om å redusere tal valkretsar. Frist til Kartverket er 31. mars 2025.	Saka er avslutta. Jf. kommunestyresak KS25/022: Det vert ikkje fremja ei ny sak om endring av stemmekrinsar eller halde val søndagen før valdagen 8. september 2025. Gevinst ved neste kommuneval: Gjennomføring av val er eit viktig, men også tid- og kostnadskrøvande prosjekt. Fleire kommunar vel av den grunn å endre stemmekrinsane, slik at behovet for kjøp av materiell og betaling av personell vert redusert. Det vert tilrådd å gjere ei ny vurdering av innretninga av stemmekrinsane i god tid før neste kommuneval.
5	Utsetje arbeidet med Miljøfyrtårn ute i kommunalområda	Helse og omsorg skal etter planen sertifiserast som miljøfyrtårn vinter/vår 2025. Det er ønskeleg å utsetje dette arbeidet til vinter/vår 2026. Det er mogleg at også attståande bygg (3 stk) på kultur og samfunn også blir utsett. Ressursane må omdisponerast tilbake i dagleg drift og/eller andre prosjekt som gjev større økonomiske effekt.	Saka er avslutta. Kultur og samfunn har fullført arbeidet med miljøfyrtårn medan Helse og omsorg har utsett større delar av sitt arbeid. Gevinst: Frigjorte ressursar til arbeidet med Program for berekraftig økonomi og dagleg drift i ei pressa tid
6	Revidere utviklingsplan	Ny politisk prioritering av planarbeid.	Arbeidet er starta opp. Forslag til revidert planstrategi blir lagt fram hausten 2025, med sikte på å redusere planoppgåver og kostnadar. Gevinst: Potensiale for å effektivisere og unngå/redusere framtidige kostnadar ved ta ned talet på både overordna planarbeid og arealplanarbeid. Reduksjon av kommunalt arealplanarbeid vil redusere framtidig behov for bruk av driftsmidlar, fond og låneopptak.

7	Ny eigarskapsstrategi	Gjennomgå eigarskap og vurdere korleis ein skal innrette nye og eigarskap med sikte på å auke kommunen sine inntekter og styrke investeringsevna. Vurdere å avslutte aktuelle eigarskap	Arbeidet er ikkje starta opp pga. manglande kapasitet. Arbeidet skal prioriterast haust 2025. Gevinst: Ein oppdatert eigarskapsstrategi vil kunne bidra til nye, effektive selskapsformer for samfunns- og næringsutvikling. Særleg aktuelt for utvikling av ny infrastruktur for hamn i Stad. Så lenge Stad er i Robek vil Statsforvaltaren ikkje tilrå låneopptak for utvikling av næringsareal
8	Styrke samskaping og samarbeid med frivilligheita	Frivilligpolitisk plattform: syte for ei oppfølging satt i system i alle ledd. Jf. verbalpunkt i sak KS-24/170 Budsjet 2025 – handlingsprogram 2025–2028.	Arbeidet er starta opp. Frivilligsentralane har starta arbeidet med å revidere Frivilligpolitisk plattform. I tillegg er eit styrka samarbeid med frivilligheita eit satsingsområde i ny handlingsplan for oppfølging av Kommunedelplan for helse og omsorg, som skal til kommunestyret 19. juni 2025. Frivillige er i dag viktige bidragsytarar for levering av tenester innan helse og omsorg, men behovet er endå større. Kultur og samfunn har også prosjektet Sentrumsgartnarane, med m.a. samskappingsprosjekt i Selje. Dette skal utviklast vidare. Gevinst: Deltaking i samfunnslivet gjev kvardagsglede og er viktig i eit førebyggjande folkehelseperspektiv også for den frivillige. Frivilligheita som samarbeidspartar bidreg til auka tilbod for ulike brukargrupper, effektivisering og reduksjon i ressursbehovet
9	Redusere bruken av konsulenttenester til eit minimum	Slik innleige skal berre skje dersom det vil ha store konsekvensar når det gjeld kostnader og gjennomføring av viktige saker/prosjekt og ikkje avvente kommunen sin eigen sakshandsamingskapasitet. Jf. verbalpunkt i sak KS24/170 Budsjet 2025 – handlingsprogram 2025–2028.	Blir fulgt opp gjennom året: Gjennom prioritering av arealplanarbeid, lågare investeringsnivå og gjennom at administrasjonen nyttar eigen kompetanse i Program for berekraftig økonomi. Gevinst: Stad kommune har ikkje ein eigen budsjettpost for kjøp av konsulenttenester. Økonomisk gevinst ved reduksjon og prioritering av arealplanarbeid og andre investeringsprosjekt.

10	Bruk av disposisjonsfond	Det må innførast streng budsjett disiplin mot bruk av disposisjonsfond til finansiering av ad hoc tiltak og saker som kjem opp utanom ordinær budsjett handsaming for å sikre god økonomistyring. Jf. verbalpunkt i sak KS-24/170 Budsjett 2025 – handlingsprogram 2025 – 2028.	Blir fulgt opp gjennom året: Det er ikkje lagt fram nye saker om bruk av disposisjonsfond så langt i 2025. Gevinst: Stad salderer drifta ved bruk av disposisjonsfond, og dette er planlagt brukt opp drifta i 2027. Nye vedtak om bruk av disposisjonsfond aukar sannsynet for at kommunen pådreg seg udekt underskot i drifta i 2027/2028, og må difor unngåast
11	Deltaking i læringsnettverket for Berekraftig omstilling	Stad kommunestyre har vedteke at kommunen skal delta i Læringsnettverk for berekraftig omstilling i regi av KS Vestland og Statsforvaltaren i Vestland. Mandat og prosjektskisse for deltaking skal utarbeidast, med mål om at deltaking læringsnettverket skal gi effekt for Program for berekraftig økonomi 2025–2028.	Blir fulgt opp gjennom året. Gevinst: Stad kommune byggjer nettverk både politisk, administrativt og gjennom tillitsvaldapparatet med andre kommunar i Vestland som har ein krevjande økonomisk situasjon. Under samlingane får kommunen innsikt i korleis andre kommunar arbeider med omstilling og KS/Statsforvaltaren bidreg med kunnskapsgrunnlag. Statsforvaltaren vurderer det som positivt at Stad kommune deltek i nettverket

2.16 Tiltaksplan som Robek-kommune

Stad kommune pliktar som Robek-kommune å «fastsette en tiltaksplan som sikrer at økonomien bringes i balanse» innan 30. juni 2025, jf. kommunelova § 28-4 tredje ledd. Stad kommunestyre fekk i møte 7. mai 2025, sak KS-25/071, ei nærare beskriving av kravet om tiltaksplan og korleis dette kravet kunne koplast mot allereie pågåande Program for berekraftig økonomi 2025–2028 og det seinare arbeidet mot budsjett 2026 og handlingsprogram 2026–2029.

Stad kommunestyre gjorde følgjande vedtak i saka:

Kommunestyret tek saka til vitande med følgjande kommentarar:

1. *Det vert lagt fram skisser for alle delprosjekta i junimøtet - også dei som ikkje er ferdige, for å vise moglegheitsrom i framtida*
2. *Kommunedirektøren vurderer om ei deling av bu- og miljøtenesta til ei avdeling for rus/psykisk helse og ei for vernepleieteneste er føremålsteneleg*
3. *Kommunedirektøren gjer vurderingar på avgrensing av tilsetjing og reiseverksemd*
4. *Administrasjonen får høve til å reforhandle Oklafondet, med mål om å kunne få eit fond i tillegg til eigedomsskatt*
5. *Kommunestyret ynskjer å signalisere at næringsutviklingsarbeidet er viktig for framtida for Stad kommune, for å få etablert nye bedrifter samt lette prosessane for eksisterande bedrifter som ønskjer å utvide si verksemd/satse utover eksisterande rammer*
6. *Ei oversikt over alt som ikkje er lovpålagt av stillingar og tilskudd*

Sak om tiltaksplan vart handsama av Stad kommunestyre i møte 19. juni 2025, sak KS-25/108, som der gjorde følgjande vedtak:

«Stad kommunestyre tek saka til vitande med følgjande tilleggspunkt: Kommunestyret viser til at budsjettet for 2025 er i balanse ved bruk av 85,1 millionar kroner frå disposisjonsfondet. Sjølv om det er sett i verk ein omfattande prosess og vert gjort ein god jobb for å identifisere moglege innsparingar framover, er det i mindre grad identifisert strakstiltak som gjev innsparing i 2025, og utan dette vil bruken av fond vere utan varig effekt. Kommunestyret ber difor om at det vert fremja ei eiga sak seinast i september 2025 med forslag til strakstiltak som gjev, om mogleg 10 millionar kroner i innsparing med verknad i 2025».